

DET NORSKE TEATRET





Restaurant


FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie
Le Rendez-Vous de Gourmets*

*Vis-à-vis
Nationaltheatret*

C15g 148972

En forfriskende pause



DRIKK

Coca-Cola


REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert taperi :

Jarlsberg Mineralvann A/S

REDNINGSSKØYTENE



har i 1966 reddet 63 mennesker fra den visse død og vært til hjelp for over 4000 mennesker som har vært i farefulle situasjoner på havet.

STØTT REDNINGS- ARBEIDET

**Send ditt
bidrag
til**

NORSK SELSKAB TIL SKIBBRUDNES REDNING
Wesselsgt. 8. Oslo - Postgiro 500 026 Bankgiro 201 632-8/51

No skulle De lese boka òg . . .

James Baldwin Blues for Mister Charlie

**Til norsk ved Ivar Eskeland
Kr 14,00**

I billigbokserien Orion Dramatikk kjem ei rekkje skodespel som blir framsynte på Det Norske Teatret.

Det Norske Samlaget

Blues for Mr. Charlie

av

James Baldwin

Til minne om Medgar Evers, til enkja
og borna hans, og til minne om dei døde
borna i Birmingham

SESONGEN 1966/67

Billetter får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker



Walter Jacobsen a.s
MODELLKONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368

**Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.**



JAMES BALDWIN

KORT OM BALDWIN

Gjennom James Baldwins forfatterskap kjem den kjensleladde, uløyselege rasekonflikten i Amerika eksplosivt til uttrykk. Med kunstnarens inntrykksvare sinn har han i barne- som i ungdomsåra levd med i denne konflikten, som meir og meir pregar livet i Amerika. I lysande essays har han trengt djupt inn i det kompliserte forholdet mellom kvit og farga, i romanar som «Go tell it on the Mountain» og «Mother Country» og skodespela «Amen Corner» og «Blues for Mr. Charlie» har han skildra dei amerikanske negrane og deira verd med større intensitet og rikare nyansar enn nokon annan.




PÅL SKJØNBERG

Sturlason

Han ser inga løysing på problema, men opplever situasjonen som ein katastrofe på veg. Han deler ikkje Martin Luther Kings tru på eit framtidssamfunn der farga og kvit har blanda blod og vorte brør. Han trur ikkje på nokon integrasjon. Men samstundes tar han avstand frå Black Muslim-rørsla; hat og vald kan berre føre til undergang for menneska i negerghettoen.

For oss, som på lang avstand har så klart og idealt syn på rett og urett i rasestriden, er James Baldwin sunn og opprivande lesnad. Han kompliserer biletet for oss, slik at det får eit langt rikare spel av skugge og lys. Og han gjer den amerikanske negeren til eit medmenneske i augo våre, på godt og vondt.

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Tompkins', written in a cursive style.




Tom Tellefsen



Dagmar Myhrvold



Øyvind Øyen



Jack Fjeldstad



Elisabeth Bang



Odd Furøy

Sturlason

SYN OG SEGN

**Det største allmenne
tidsskriftet i landet**

STADIG I FRAMGANG

OPPLAG I DAG:

16 000

10 hefte i året à 64 sider. Års-
pengar kr. 30,00, for studentar
og skoleelevar kr. 22,00 ved
tinging direkte til forlaget.
10-årstinging kr. 250,00. Tids-
skriftet kan tingast for kalender-
året eller skoleåret. Postgiro
8702, bankgiro 1710.06.00757.
Laussal kr. 3,50.

**Det Norske
Samlaget**

Rosenkrantz' gate 3, Oslo 1.
Tlf. 33 26 70.

LYTT TIL

Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på for-
skjellige instrumenter, – samt folketonar i levende tradisjon
framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.

LITT OM BLUES

Dette skodespelet har lege i hugen min – har martra meg – i mange år. Det skil seg frå alt anna eg har freista skrive ved det at eg hugsar klårt og levande første gongen det slo ned i meg; eller i røynda slo det ikkje først ned i meg, men i Elia Kazan. Kazan spurde meg mot slutten av 1958 om eg kunne vera interessert i å arbeide for teatret. Det var eit generøst tilbod, men eg var ikkje så altfor oppglødd for det: Eg hadde ikkje då, heller ikkje har eg no mykje vørnad for det som går føre seg i amerikansk teater. Eg er ikkje overtydd om at det er noko teater; for meg tær det seg einast som ein serie av kommersielle spekulasjonar, dåmlause, utan fornying, og keisame. Eg såg sannleg ikkje mykje framtid for meg innanfor dei rammene, og eg var djupt uviljug til å ofre mine moralske normer og setja inn mitt talent – mitt liv – i ein innsats som berre kunne auke kjensla av personleg øyding. Det var ille nok som det var.

RESTAURANT d' ANGLETERRE

vis-à-vis Østbanen finner De oss i 2. etasje

Velsmakende smørbrød - God kaffe - Rimelige småretter

Middag - Alt fra 1. kl. kjøkken

Om aftenen underholdning, dans hver tirsdag, onsdag
og torsdag

BØNDERNES BANK

EGERTORGET - OSLO

**hjelper Dem gjerne med alle bankforretninger
i Norge og i utlandet**

ER DE INTERESSERT i engelske antikviteter?

HOS MEG finner De koselige presanger

i engelsk porselen - plett - kobber - messing m. m.

ANTIKKHULEN

DAAESGT. 12 — TLF. 44 29 23 - kl. 11—15

THAU



Karvi

- et godt navn i 52 land

Likevel: kimen til skodespelet vart liggjande. Spelet har sin basis på saka om Emmett Till – den unge negeren som vart myrda i Mississippi i 1955. I denne saka vart mordaren frikjend. (Bror hans, som hjelpte han til ugjeringa, er no «deputy sheriff» i Rulesville, Mississippi). Etter at han vart frikjend, gav han att fakta omkring mordet – for ein kan ikkje vise til framstillinga hans som ei tilståing – til William Bradford Huie, som skreiv ned alt i ein artikkel han kalla «Wolf Whistle». Eg veit ikkje kvifor denne saka la seg så tungt på meg – men ho ville ikkje sleppe taket i meg. Eg var livende redd for å gjera meg skuldig i eit skodespel – det var nok av dei ikring meg som alt hadde fortalt meg at eg ikkje kunne skrive romanar – men eg tok til å skjøna at otten for forma berre dekte over ein mykje djupare otte. Det eg ottast, var at eg aldri skulle bli før til å teikne eit gyldig portrett av mordaren. I det røynelege livet er det berrsynt nok: slike menneske forvirrar og skremmer meg, og i ein del av medvitet mitt i det minste, hatar eg dei og skulle vera viljug til å drepa dei. Med ein annan del av medvitet har eg det klårt for meg at ingen mann er kjeltring i eigne augo. Eitt eller anna i han veit – *mà vita* – at det han gjer, er vondt; men for at han skal kunne sannkjenne det, må han skifte huglag. Det som er forferdeleg og i røynda nære på vonlaust i

Framhald side 25.

Det Norske Vaktelskap A.s

Kjoler, bluser, skjørt og slacks

O.ké kjolesalong

Bygdøy allé 20 - Tlf. 44 14 77

Har Deres ur stoppet?

Vi reparerer billig, fagmessig, på kort tid.
Nye ur i godt utvalg.

URMAKER S. ERIKSEN & CO. A-S

DRONNINGSGATE 23 — TELEFON 415217

UNIFORMSEFFEKTER

Ubrukte og brukte uniformseffekter fra utenlandske militære overskuddslager kjøper De billigst hos

IMPO-EFFEKT

Tøyengt. 24 - Tlf. 67 59 21 - Oslo 1




„JIMMY”


Då eg las James Baldwins «Go tell it on the Mountain», skjøna eg straks – som millionar andre amerikanarar – at med denne glimrande debutromanen steig ein ny, stor forfattar inn på den litterære scenen i Amerika.

Ei tid etter fekk eg innbyding frå ein av venene mine, professor Owen Dodson i drama-seksjonen ved Howard University i Washington D. C., til verdspremièren på James Baldwins første skodespel, «The Amen Corner», som professor Dodson hadde sett i scene. Eg tok imot innbydinga med stor glede. James Baldwin budde heime hos professor Dodson og la siste hand på skodespelet medan det var under oppsetjing.

Eg kom til Washington tidleg på premièredagen og reiste med ein gong heim til Dodson. Der vart eg forstøkt då eg fekk sjå at Baldwin låg til sengs med høg feber og ein magesjukdom som ikkje let han halde på maten. Eg rådde Dodson til å få tak i ein lækjar, og det gjorde han. Lækjaren undersøkte Baldwin og sa at mannen var svært dårleg og burde leggjast inn på sjuke-



Optiker
OFFENBERG
BOGSTADVN. 30

DET ER  **DUBONNET-TID**



- alltid like anvendelig.
- en fullt ferdig cocktail

DUBONNET

Frankrikes verdensberømte druevin —
MEN SERVER DEN AVKJØLET

DUBONNET

Alt i finere metall

R. A. NIELSEN

Finmekanikk

Skogveien 17. — Telefon 44 32 14.

hus. Med det same ringde telefonen. Det var ein journalist frå magasinet Life som ringde og sa at han ville koma til Washington og skrive om premièren. Baldwin nekta å leggja seg inn på sjukehuset. Eg veit ikkje korleis han greidde det, men den kvelden stod James Baldwin i foajéen på teatret og ønskte folk velkomne til førsteframsyninga. Eg treng ikkje fortelja at framsyninga vart ein suksess.

Dette er berre eit døme på Jimmys uvanlege handlekraft og viljestyrke. Eg var i Washington tre dagar og vitja Jimmy (som venene kallar han) kvar dag. Då heldt han på å friskne til att. Vi tala om mangt, men mest om teatret og vår store kjærleik til det. I førstninga la eg særleg merke til dei kvasse augo hans. Eg hadde ei kjensle av at dei trengde djupt inn i meg. Eg visste at eg hadde for meg ein mann med djup og instinktiv kjennskap til menneskenaturen. Men aller størst er Jimmys evne til å finne kunstnarlege uttrykk for sine djupaste røymsler. Så la eg merke til den vakre røysta hans. Jimmy er ein meister til å føre samtalar. Om han ville, trur eg han kunne bli ein glimrande skodespelar. Den dagen eg reiste frå Washington og skulle tilbake til New York, sa Jimmy at han ville laga ei rolle for meg i det neste stykket sitt. De kan tenkje dykk kor djupt takksam og stolt eg vart.

Nokre månader etter sende Jimmy meg eit brev frå – av alle stader – Korsika! Han

08/01-1967

Blues for Mr. Charlie

av

James Baldwin

Omsett av Ivar Eskeland

Songane omsett av Hartvig Kiran

Regi: PAL SKJØNBERG

Dekor: ARNE VALENTIN

Kostyme: Randi Skahjem

Regiass.: Svein Erik Brodal

Koreografi: Conrad Pringle


Korinnstudering: Ruth Reese, Tor Hultin

Trompetsolo, komponert og spilt av Bernt Steen

Inspisient: Arpad Szemes

Meridian Henry, ein negerprest		ØYVIND ØYEN	
Juanita	} negerstudentar	{ MONNA TANDBERG	
Lorenzo			ERIK ØKSNES
Pete			PER JANSEN
Mor Henry		DAGMAR MYHRVOLD	
Lyle Britten, ein kvit butikkeigar		JACK FJELDSTAD	
Jo Britten, kona hans		ELISABETH BANG	
Parnell James, redaktør		ODD FURØY	
Richard, son til Meridian Henry		TOM TELLEFSEN	
Pappa D, kafé-eigar		JOHAN NORLUND	
Hazel		EVA SLETTA	
Lillian		AUD SCHØNEMANN	
Susan		SISSEL SELLÆG	
Ralph		SVEIN SCHARFFENBERG	
Ellis		ROLF SAND	
Pastor Phelps		KARE WICKLUND	
George		SVERRE WILBERG	
Aktor		EINAR WENES	
Forsvararen		HENRIK ANKER STEEN	
Domaren		HELGE ESSMAR	

Lengste pause etter 2. akt.



ARNE VALENTIN

Sturlason

fortalde at han arbeidde med eit skodespel, og at personane i stykket hadde teke til å leva sitt eige liv, og at den personen han hadde tenkt meg til, vart yngre og yngre for kvar dag som gjekk, så eg måtte dessverre vente til han skreiv eit nytt stykke. To månader seinare avslutta han i Paris det skodespelet han hadde teke til med på Korsika. Stykket fekk tittelen «Blues for Mister Charlie».

Sist eg såg Jimmy, var i New York, under premièren på eit stykke med tittelen «The White Rose and the Red», der eg hadde ei rolle. Eg var berre så vidt komen inn på scenen då eg kjende eit par kvasse augo mot meg. Da gjorde eg noko eg sjeldan gjer, eg såg ut i salen for å finne ut kven det var som hadde desse augo. Jau, der sat Jimmy midt på andre rad. Eg kunne ikkje la vera å smile litt. Jimmy smilte attende, og eg visste eg måtte prøve å spela særskilt godt den kvelden.

James Baldwin har vorte kalla dikteren og talsmannen til dei amerikanske negrane i den striden dei no fører for fullverdige menneskerettar og borgarrettar. Det er han, men han er meir, mykje meir, Jimmy er diktar og talsmann for heile menneskeætta.

Earle Hyman

Den
runde
Tønne



Stedet med intim stemning,
og særpreg.

Pløensgt. 4 — Tlf. 33 73 05.

Hvorfor
CAMUS



Edel cognac fra tradisjons-
rike Camus.

Generasjoners erfaring,
omhyggelig pleie av cognacen
og raffinert foredling gir den
rike bouquet som kjennetegner
den utsøkte cognac.

Camus for kresne skjønnere.

CAMUS
"LA GRANDE MARQUE"
COGNAC

Eugenie Støttums Blomsterforretning


Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf

Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser



Helge Essmar



Einar Wenes



Kåre Wicklund



Henrik Anker Steen

Sturlason

FREMKALLING - KOPIERING

Den beste service, hurtigste levering til rimeligste priser
får De når De sender Deres filmer til

DØHLENS FOTOLABORATORIUM
STRØMMEN

Spesiallaboratorium for sort/hvitt og farge amatørfilm
Leveringstider 1—3 dager

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri
Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 20 20 49

Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til

B. Bogens Parkettsliperi

Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

Førsteklasses arbeide garanteres

Godt utvalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

rasesituasjonen vår no, er at dei brotsverk vi har gjort, er så store og så unemnelege at å akseptere denne sannkjenninga bokstavleg tala ville føre til galskap. Difor let mennesket att augo for å verja seg sjølv, gjer om att sine brotsverk under ein slags tvang, og går inn i eit åndeleg mørker som ingen kan skildre.

Men om det er sant, og eg trur det, at alle menneske er brør, då har vi skyldnad til å freiste forstå dette forvrengde mennesket; og jamvel om vi truleg aldri kan gjera oss nokor von om å frigjera det, kan vi byrja arbeide på ei frigjering av borna. For vi, det amerikanske folket, har skapt denne mannen, han er vår tenar; det er vi som gjev han dyrepisken i hender, og vi er ansvarlege for dei brotsverka han gjer. Det er vi som har sett han i dette fengsel av hudfarge.

Det er vi som har overttydd han om at negrane er verdlause skapningar, og at det er hans heilage skyldnad som kvit mann å verne om æra og reinleiken til stamma si. Det er vi som har forbode han, under trugs-mål om å bli utestengd frå stamma si, å godta situasjonen som han var i opphavet då han og svarte menneske elska kvarandre, forbode han å frygde seg med dei; og bruke dei. Det er vi som har tvinga gjennom – og gjort det til eit spørsmål om ære – at svart far skal fornekte kvit son. Dette er verkeleg grove brotsverk, og vi har gjort oss skuldige i dei



Diamantringer er vår spesialitet

Enstensringer fra kr. 200,—.

Trestensringer fra kr. 500,—.

Rosettringer og modellringer
fra eget verksted.

*Løse diamanter på lager til
bestillings-, forandrings- og
reparasjonsarbeide.*

Vi fører toppkvalitetene *Blue
white pure* og *finest white
pure.*

*Skriftlig garanti for
størrelse, farge og renhet
medfølger hver ring.*


Hvis De skal kjøpe diamanter,
benytt Dem av vår 50
års erfaring som spesialister.

Stort utvalg, rimelige priser.

JUVELER — GULLSMED

H. A. NEERBYE

Youngstorget 1, tlf. 33 32 85



har morsomme dyre
og rimelige gaver:
*God utenlandsk grafikk og
plakater. — Smykker.
Afrikansk og asiatisk kunst.
Små antikviteter.*

E. REVOLD, Bygdøy allé 35.
Tlf. 44 84 30.

Åpent: 12—19. Lørd./sønd. 12—15

SE PYE TV

UTEN Å KJØPE

DE KAN HELLER LEIE TV

for mindre enn kr. 2,— pr. dag. For
kr. 58,— pr. måned i min. 12 mndr.
får De gratis Oslo-antenne, garantert
fri service, gratis reparasjoner i hele
leietiden.

5 ÅRS GARANTI

Forhandlere over hele byen

PYE TV RENTALS A.s
OSLO

og held fram å gjera oss skuldige i dei for å tena pengar.

For meg går då skodespelet mitt føre seg i Plaguetown, USA, i vår tid. Ulukka er rasen, ulukka er vår oppfatning av kristendomen, og denne ofselege ulukka har makt i seg til å øyde alt samhav mellom menneske. Eg reiste ein gong ein tur med Medgard Evers inn i Mississippi-skogane. Han dreiv ettersøking om eit mord på ein neger; ein kvit kjøpmann hadde myrda denne negeren nokre månader tidlegare. Det var mange som tala med Medgard den natta i mørke hytter, med sløkte ljøs, kviskrande. Vi hadde hatt etter oss eit langt stykke ut av Jackson, Mississippi, ikkje ein sinnssjuk med gevær, men medlemmer av den lokale militsen. Eg skal aldri gløyme den natta, eg skal heller aldri gløyme Medgard. Han følgde meg til flyet dagen etter. Vi lova at vi snart skulle sjå einannan att. Då han døydde, kom det noko over meg som eg ikkje kan skildre, men det var då eg sette meg føre at ikkje noko under himmelen skulle få hindre meg frå å skrive dette skodespelet. Vi er vandrarar i eit fælsleg mørker her, og dette er éin manns freistnad på å bera vitnemål om den røyndom og den makt som ligg i ljøset.

James Baldwin.
New York, April 1964.



Eva Sletto



Sissel Sellæg



Rolf Sand



Aud Schønemann



Svein Scharffenberg



Sverre Wilberg



Johan Norlund



Monna Tandberg



Erik Øksnes



Per Jansen

S. BRUUN A/s

Nils Juelsgr. 27

Telefon 440384

*Lamper — Skjermer
Elektriske apparater m. m.*

HENRIK BØHM'S

Paraply- og regntøyforretning

Torggt. 23. Tlf. 42 16 87

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

Gamle og nye kunder ønskes velkommen

**for DEM som
foretrekker
furumøbler ...**

PeiseStua


J. ERIKSEN A/S FILIAL

Bernt Ankers gate 17 (hj. Møllergt.) — Tlf. 41 64 22

GODE PARKERINGSFORHOLD

Personalet på stipendtur

JAMVEKT MELLOM AUST OG VEST



*Pål Skjønberg som Broder Gunnulf
i «Husfrue».*

Skodespelaren og instruktøren Pål Skjønberg er ein av dei som syter for den perfekte jamvekt i kultur- og særskilt teaterimpulsar frå aust og vest her i landet. Han reiser og reiser, straks han har ei ledig stund. (Det hender rett som det er, fortel han, at han set seg i sin *eigen bil*. Stundom prøver han rett nok å starte andre bilar, i sjarmerande distraksjon. Men som sagt, som regel...) Sist var han i England, delvis med hjelp av jubileumsstipend frå Det Norske Teatret (50-års jubileum 1963). Der såg han meir enn vanleg interessante Shakespeare-framsyningar i Stratford no i sommar, m. a. Hamlet og Henry-stykkka. I London fekk han høve til å irritere seg sømmeleg over stjernespel, endå det i og for seg var storveges.

Saman med Finn Kvalem var han innbeden av den aust-tyske staten til å sjå teater der, for ei tid sidan. Han var der i vél tre veker, først og fremst i Aust-Berlin, men òg i Leipzig og andre stader og jamvel ein svipp inn i Vest-Berlin. Hos Berliner Ensemble såg han m. a. «Tolvskillingsoperaen» og «Saka Oppenheimer». Om alle dei framsyningane han såg der, har han berre godlæte.

– Det er nok somt som tyder på at dei slit noko med den sterke Brecht-tradisjonen. Det er *deira* problem, sjølv sagt. Men det eg såg, var storfelt. Prøvetida kunne ein *alltid* misunne dei; 4 månader og meir på ei oppsetjing er «normalt», for *dei*.

På denne turen fekk eg elles òg studere «scenearkitekt» Josef Svobodas fantastiske teknikk. Først i Aust-Tyskland.

– De er i ferd med å setja opp James Baldwins «Blues for Mr. Charlie». Kjem desse impulsane til nytte i det aktuelle instruktørarbeidet Dykkar?

– Ja. Vi freistar oss i «Blues –» med å byggje på *noko* av den same teknikken.

– Den mest interessante teaterbyen?

– I Vest-Berlin såg eg ein del av dei beste framsyningane frå Vest-Tyskland. Det er pressa som har valt dei ut. M. a. såg eg ei fantastisk dyktig oppsett framsyning av «Mordet på Marat».

Men av dei byane eg var i, må nok truleg Praha få teater-prisen. Derifrå kjem Schwarzes Theater, der finst fleire teater enn kan-

skje nokon annan stad, små eksperiment-scener og store. Svobodas arbeid møtte eg att i Praha. Han hadde sett sin meisterstempel på mange oppsetjingar der, m. a. eit par operaer. I denne byen er dei så avanserte teaterteknisk at ein har vanskar med å tru det. Lysteknikken t. d. held visst den høgaste standard i verda.


Men mest imponerande, både der og ikkje mindre i Aust-Tyskland, er den interessa og den sakkunnskap det vanlege publikum legg for dagen; ein iver, ei interesse og eit innsyn som ein får vitnemål om ikkje berre ved dei stuvfulle teatersalongane, men òg ved dei imponerande debattane etter framsyningane. Dei satsar enormt på teater i dessa landa.

– Vi forstår at De sit att med djupe inntrykk. Sette De sjølv att muntre inntrykk etter Dykk?

– De tenkjer på slikt ein kan slumpe til å gjera i distraksjon? Nei, gudskjelov, eg trur ikkje det, der.

Eg tok det att her i landet. Eg skulle opp til NRK for ei tid sidan, men stakk først innom ein stad og kjøpte ei avis. Då eg kom til kring'en, la eg merke til at eg bar på ein diger bunke av denne avisa. Butikk-mannen tok det *uwanleg pent* då eg kom og leverte avis-bunka attende. . . .

Distré kan nok Pål Skjønberg vera innimellom, til ikkje liten morskap for seg og andre. Men teaterinntrykka frå vest og aust gløymer han ikkje med det første. IE



LIVSTRYGDELAGET
ANDVAKE
MØLLERGT. 16. - OSLO 1



Kos Dem i vinterkveldene

Pynt opp med vakre broderier. De bringer
naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

Begynn med brodering, en kongelig hobby

RANDI MANGEN & CO.

SPECIALFORRETNING I BRODERIER

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

Spesialisten i

*Stempel, merkeverktøy og stemplingsmaskiner,
elektriske og manuelle.*

John **KROGSTIE** AS

FABRIKK: GRØNLANDSL. 37 — OSLO 1 — TELEFON 33 73 08 - 33 58 31

KONTOR: STORGATEN 9 — OSLO 1 — TELEFON 67 63 73 - 67 63 74

GRAVØR - SKILTFABRIKK - STEMPELFABRIKK - ETIKETTER

Spesialforretning i TV - radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør
det lettere å finne apparater som passer

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder

NORSK TELEVISJON OG RADIO AS

Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12



PÅ SPELPLANEN

Neste première blir

«HAMLET»

av William Shakespeare med den unge Svein Erik Brodal i tittelrolla. Tormod Skagestad set i scene, og Arne Walentin har ansvaret for kostyme og dekor.

Etter «Hamlet» kjem René de Obaldia's western-parodi:

«VINDEN I SASSAFRASSKOGEN»

som går føre seg i eit blokkhus i den amerikanske urskogen, der patriarken Rockefeller (før han fann olje) forsvarer seg og sine mot indianerdøden.

Kirsten Sørli set i scene.

Oslo Nye Teater

«KJENNER DE MELKEVEIEN?»

Komedie av Karl Wittlinger
Regi: Jon Lennart Mjøen

«SØSTER BLANCHE OG KARMELITTERNE»

Skuespill av Georges Bernanos
Regi: Claes Gill

«THE ODD COUPLE»

Komedie av Neil Simon
Regi: Toralf Maurstad
*Première i begynnelsen
av januar*

DUKKETEATRET

i Bymuseet, Frogner

Eventyrspillet

«REISEN TIL SOLEN»

BARNETEATRET

i Folketeaterbygningen

«SKATTEN PÅ SJØRØVERØYA»

Etter Robert L. Stevensons
fortelling
Regi: Jon Lennart Mjøen
Première medio januar

Det Norske Teatret

«TANGO»

av Slawomir Mrozek
Regi: Barthold Halle
Dekor: Guy Krohg

«ET DUKKEHJEM»

av Henrik Ibsen
Regi: Tormod Skagestad
Dekor: Arne Walentin
Få gonger

«HAMLET»

av William Shakespeare
Regi: Tormod Skagestad
Dekor: Arne Walentin
Première: Medio februar

For dei yngste:

«KARAMELLAPPARATET»

Musical for born
av

Evert Lundström og Jan Moen
Regi: Asbjørn Toms
Dekor: Snorre Tindberg

Den Norske Opera

«FIGAROS BRYLLUP»

Opera buffa av
Wolfgang Amadeus Mozart
Regi: Einar Beyron
Dirigent: Arvid Fladmoe
Dekor og kostymer:
Arne Walentin
Koreografi: Kari Wang

Ballettaften:

«SVANESJØEN»

Koreografi:
Marius Petipa / Lev Ivanov
Musikk: Peter Tsjaikovskij
Innstudering: Sonia Arova
Dekor: Kae Tang - Kostymer:
Ivar Ferdinand Karlsen
Musikalsk ledelse:
Zdenko Peharda
Première: 13. januar

Ballettaften:

«NØTTEKNEKKEREN»

Koreografi:
Lev Ivanov / Walter Gore
Musikk: Peter Tsjaikovskij
Dekor: Gunnar Alme.
Kostymer:
Ivar Ferdinand Karlsen
Musikalsk ledelse:
Zdenko Peharda

Alltjenst Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller — Faste oppdrag mottas

GRILLSTOVA



**Bonde-
ungdomslaget
i Oslo**

Ekstra god mat til rimelege prisar.
Internasjonalt kjøken og norske
spesialitetar. — Alkoholfrie vinar.

*Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda,
100 m opp frå Karl Johan.*

Ope kvardagar kl. 9–23

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn

12 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 120 000 medlemmer

